

# RAPPORT

## Eidsborg stavkyrkje

### - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Restaureringshistorie	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Takkonstruksjon	5
Spon	6
Vestgavlen	7
Kyrkjekunst	7
Andre tiltak	8
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

### Eidsborg stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Marcin Kaliński, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## **KYRKJEKUNST**

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## **LOKAL MEDVIRKING**

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## **BRANNSIKRING**

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.





**Sponkledd:** Kyrkja har sponkledde veggjar og tak. Foto: Asgeir Spange Brekke, Riksantikvarens arkiv.

# Eidsborg stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Eidsborg stavkyrkje kan daterast til etter 1250. Kyrkja skil seg ut då tak, stolpar og veggjar er heilt sponkledde. Eidsborg stavkyrkje er ei langkyrkje, opphavleg med eit smalare kor. Kyrkja har vore gjennom mange bygningsmessige endringar. Innvendige veggjar er dekorert i 1604 og på 1640-talet, og takryttar vart bygd på 1700-talet. Koret er forlenga i to omgangar, og i 1845 vart koret lafta av tømmer. Kledninga i vestgavlen

til kyrkja har innrissa mønster som imiterer den sagtagga sponkledninga til svalgangen. Øvst, midt over det opphavlege skipet, står ein liten takryttar i to etasjar. Kyrkja har takverk med sperrer, saksesperrer og hanebjelke med åsar som er felte inn. Sperrane er stiva av innbyrdes med krumvokse kne.<sup>1</sup>

## RESTAURERINGS Historie

Ved restaureringa i 1929 vart dei fleste endringane frå 1845 fjerna. Vindauga mot sør vart redusert i høgde og profilen til svalgangen mot sør vart att ein gong etablert, men i lågare høgde enn tidlegare, slik at portalen i sør er blokkert. Koret er forlenga i to omgangar, og i 1845 vart koret lafta av tømmer. Målinga som i

1845 dekkar store delar av kyrkjerommet vart fjerna og avdekkar då dei eldre, rikt dekorerte, veggane som hovudsakleg er frå 1600-talet. Dekoren i skipet si forlenging vart teikna av arkitekt Arnstein Arneberg i samband med restaureringa.<sup>2</sup> Ein kopi av mellomalderkrusifikset i kyrkja er montert over korskiljet, medan originalen vert oppbevara på museet ved sidan av kyrkja. Den støypte lysekrona er og frå mellomalderen, medan smijernskronene er frå restaureringa, i likskap med det meste av inventaret. I kyrkja er og ein nyare kopi av ein utskoren helgenfigur, St. Nikolai av Bari.

## TILSTAND FØR

### STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved synfaring av kyrkja vart det dokumentert ei rekke tilstandar med behov for utbetring. I tillegg til at det var mykje sprukne spon i veggjar og på tak, hadde også taket store konstruksjonsmessige utfordringar knytta til beringa av takryttaren, eit problem som måtte løysast for å unngå store skadar på konstruksjonen i kyrkja. Dette tiltaket skulle vise seg å vere eit av dei mest omfattande arbeida gjennom heile stavkyrkjeprogrammet. Det vart utført dendrokronologiske undersøkingar i samband med arbeidet ved kyrkja. NIKU utførte prøvetaking i 2005 i regi av Vest-Telemark museum, men prøvene gav ikkje tilstrekkeleg svar, og forslag om nye prøver vart difor fremja etter at ein ved arbeidet med stavkyrkjeprogrammet fann ein gunstig stad å ta dendrokronologiske prøver i klokkebjelkane i takryttaren. Ei dendrokronologisk tidfesting av Eidsborg har vist seg vanskeleg, men prøvene tekne under stavkyrkjeprogrammet gjev 1418 vestre syll i skip. 1439 sydvestre stav i skip.<sup>3</sup>

Den unike kledninga i vestgavlen av kyrkja er utsett for mykje vêr og sol og er stadvis så forvittra at den har hol etter mange år med slitasje. I samband med istandsetjinga av taket av kyrkja var det ynskjeleg å få semje om ei løysing som kunne ta vare på dei dekorerte borda,



**Tekking:** Taket på kyrkja fekk ny spon. Foto: Asgeir Spange Brekke/Riksantikvarens arkiv.

samstundes som ein tek vare på det visuelle uttrykket til kyrkja.<sup>4</sup> Utover dei nemnde tilstandane var det behov for oppretting og reparering av inngangspartiet ved koret, samt oppretting av botnsvillen i svalgangen på nordsida av kyrkja.

## VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

### TAKKONSTRUKSJON

Ved synfaring av kyrkja vart det observert brekkasjeskadar i taksperrene på sørsida. Brekkasjepunktet vart lokalisert til punktet der hanebandet er felt saman med sperrene og det samstundes er felt ein ås ned på same plass. Samstundes står takryttaren sine hjørnestolpar ned på taktroa ikkje langt frå dette punktet. Tyngda av takryttaren låg difor på mønekammen og på dei fire

hjørnestolpane, noko som har leidd til at taket var pressa kraftig ned der takryttaren står. Undersøkingar som er utførte i samband med stavkyrkjeprogrammet viser at både takstolen og takryttaren er frå mellomalderen.<sup>5</sup> Ved utføring av tiltak var difor ynsket å bevare den gamle sperrekonstruksjonen då den er sprett-telgd og opphavleg. Samstundes var ynsket å bevare den ståande troa underst, samt isolasjonen og den liggande taktroa over. Delar av den liggande taktroa er sprett-telgd og er samtida med dei sulagde borda som opphavleg låg under taksponen. For utføring av arbeidet vart det bygd stillas rundt kyrkja og under takryttaren. Taksponen, pappen og den øvre ståande taktroa vart demontert rundt





**Tak:** Det vart utført ei rekke tiltak for å setje i stand taket på Eidsborg stavkyrkje. Foto: Riksantikvarens arkiv.

takryttaren. Ein fekk deretter lagt ein limtredragar gjennom takryttaren inntil hjørnestolpane på kvar side i lengderetninga av kyrkja slik at takryttaren kunne lyftast ned frå taket med ei mobilkran. Etter at takryttaren var teken av vart det bygd eit mellombels tak over heile kyrkja.<sup>6</sup>

Ein monterte deretter over- og undergurt som vart felt saman med dei yste sperrene på taket, som gjekk langs heile taket si høgde. Saman fungerte desse som ei ramme for dei andre sperrene som vart montert mellom gurtane. Etter at sperrene var montert vart det montert eit strammestag i vestgavlen og på austsida av stavdelen av takflata. Deretter vart det montert kryssfinerplater langsmed taket før ein la

underlagspapp og lekter.<sup>7</sup> Løysninga er ei av dei mest omfattande arbeida gjennom heile stavkyrkjeprogrammet og det er eit arbeid som går utover det ein kan definere som istandsetting.

#### **SPON**

Handtelgd spon vart spikra med 2" klypt spikar, synleg, med 1 spiker i kvar spon. Sponen som vart nytta på Eidsborg stavkyrkje var relativt kort, omlag 40 til 43 centimeter. Tjukkeleiken framme var ca. 2,5 cm. Sponen som vart laga i 2006 hadde omlag 0,5 cm tjukkeleik i bakkant, men burde optimalt sett vore nærare 1 cm. Breidda på malmen i virket ein nyttar til spon burde ved marginen ligge på omlag 30 cm, då dette gjev opp mot 12 spon frå ein kubbe. Totalt

vart det lagt omlag 17 000 nye handtelgde takspen av malma virke.<sup>8</sup> Spon på tak, samt veggjar vart tjæra. Med den nye taktekinga vart takryttaren ståande høgare i forhold til takflata enn før. Det vart difor naudsynt å lage ein ny, høgare, mønekam som vekta av takryttaren, saman med hjørnestolpane, kan kvile på. På oversida og på yttersida av foten på hjørnestolpane vart det montert sinkbeslag. Dette for å verne treverket mot avrenning og slagregn. Her skal det merkast at det på nokre av stolpane var røteskade i det yste laget med treverk. Vidare vart all spon på kortaket bytt ved eit seinare høve då det var naudsynt å produsere meir spon før arbeidet kunne halde fram. Spiret på vestgavlen var røteskadd og det var bitar av





**Virke:** Godt malma og rettvokse virke er viktig ved sponproduksjon. Foto: Riksantikvarens arkiv.

spiret som mangla. Det vart bestemt å lage eit nytt spir etter kopi av det gamle. I gavlen på austsida av skipet sitt tak er det gamle nytta på nytt.

#### **VESTGAVLEN**

Løysinga på den dekorerte kledninga av vestgavlen vart



knytt opp mot den valde strategien i forhold til stabiliseringa av taket. Då det vart semje om å nytte eit strammestag som med fordel kunne festast og strekkast på utsida av den originale vestgavlen slik at den ikkje ville synast inne i kyrkja. Det var ynskjeleg å behalde dei dekorerte borda i deira opphavlege samanheng samstundes som det var naudsynt å verne gavlen mot vidare slitasje frå vær og sol. Det var difor semje om at ei varekledning i form av ein kopi av gavlveggen kunne monterast med tilstrekkeleg avstand til originalen, slik at strekkstaget fekk plass mellom dei to

bordkledningane.<sup>9</sup> Denne løysinga er reversibel og hindrar større inngrep i kyrkja. Løysinga med å dekke til utskjeringar i vestgavlen med ei varekledning har vore nytta ved Urnes stavkyrkje i lang tid.

#### **KYRKJEKUNST**

Den 25. april 2006 vart det utført ei synfaring i regi av Riksantikvaren for å registrere tilstanden på veggfast og flyttbart inventar og kunst i kyrkja. Dekoren i kyrkja finn ein på nord- og sørveggen i den opphavlege delen av skipet, måla med limfarge, på veggborda til stavkyrkja. Dekoren på nordveggen har ei



måla datering til 1604, medan måleria på sørveggen reknast med å vere frå 1640-åra. Utover dette har også to fragment av måla panel frå mellomalderen, med opphav i nabokyrkja Lårdal, vore oppbevart og montert på vestveggen på kvar si side av døroppninga inne i kyrkja. Rapporten konkluderte med at seks lause plankar med limfargedekor frå mellomalderen og veggdekoren i limfarge frå 1600-tallet på sørveggen av kyrkjeskipet hadde mykje laus måling. Det vart anbefalt at dekoren burde konsoliderast snarast og i oppdrag frå Riksantikvaren sikra NIKU limfargedekoren i Eidsborg stavkyrkje gjennom undersøking og konsolidering sommaren 2007.<sup>10</sup> Det vart i samband med arbeidet med dei lause panela frå mellomalderen tilråda at desse ikkje vart remontert i kyrkja då dei er i for sårbar stand til dette.

#### ANDRE TILTAK

I tillegg til det omfattande arbeidet på taket vart det gjennomført ei rekke mindre tiltak. Mellom anna vart blyglasvindauga i kyrkja sett i stand og hakkespetthol i kyrkja spunsa.

#### SAMANDRAG

Eidsborg stavkyrkje kan daterast til etter 1250. Kyrkja skil seg ut då tak, stolpar og veggar er heilt sponkledde. Eidsborg stavkyrkje er ei langkyrkje, opphavleg med eit smalare kor. Kyrkja har vore gjennom mange bygningsmessige endringar. Innvendige veggar er dekorert i



Limfargedekor: Datert til 1600-talet Foto: NIKU/ Riksantikvarens arkiv.

1604 og på 1640-talet, og takryttar vart bygd på 1700-talet. Koret er forlenga i to omgangar, og i 1845 vart koret lafta av tømmer. Ved byrjinga av stavkyrkjeprogrammet vart det funne store brotskader i den opphavlege takkonstruksjonen frå mellomalderen. For å bevare denne vart det konstruert ein ny berande takkonstruksjon som vart lagt over den opphavlege konstruksjonen. Løysninga er ei av dei mest omfattande arbeida gjennom heile stavkyrkjeprogrammet. Taket vart så tekka med ny spon av hogd type. I austgavlen ligg ei unik kledning som imiterer spontekkinga på kyrkja. Denne

kledninga er tæra og øydelagd. Difor vart det etablert ein permanent varevegg, utforma som ein kopi, som vern mot vidare slitasje. Det vart utført arbeid med steintrappene utanfor kyrkja. I tillegg vart kyrkjekunsten restaurert. I 2007 vart veggmåleria frå 1600-talet, samt panel frå mellomalderen konserverte.



## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Aune, Petter. *Vurdering av takkonstruksjonene mht skader og mulige tiltak ved istandsetting*, 14.6.2005, 2005

Aune, Petter. *Eidsborg stavkirke - Notat ny takkonstruksjon* Petter Aune, NTNU 28.9.2006, 2006.

Devold, Ellen. *Befaringsrapport stavkirkeprogrammet 21./27.april 2005*

Devold, Ellen. *Eidsborg stavkirke 29. oktober 2006*, 2006.

*Notat Sweco Grøner AS 2.6.2005*

*Sikring av takkonstruksjonen, møtereferat 16.12.2005*

Marumrud, Hans. *Befaringsrapport vedr. taket*, 05.01.2006, 2006.

Marumrud, Hans. *Befaringsrapport 15.09.2006*, 2006.

Marumrud, Hans. *Spon på Eidsborg stavkyrkje. Erfaring frå produksjon og legging av spon*. 23.2.2007, 2007.

Marumrud, Hans. *Arbeidsrapport. Arbeid på tak. Eidsborg stavkirke i Tokke. Atrå, 23 februar 2007*, 2007.

Marumrud, Hans. *Arbeidsrapport for Eidsborg stavkirke 2008*, 2008.

Mycoteam. *Eidsborg stavkirke – analyserapport 2. november 2006*, 2006.

Solberg, Kristin. *Rapport Kunst og inventar 35/2007 Eidsborg stavkirke Konservering av veggmalier fra 1600-tallet og paneler fra middelalderen*, 2007.

Stein, Mille. *Rapport Kunst og inventar 72/2006 Tilstandsregistrering av kunst og inventar i fire stavkirker: Røldal, Eidsborg, Heddal og Høyjord*, 2006.

Stein, Mille. 2006. *Upublisert befaringsrapport fra Eidsborg kirke av 18.12.2006*. NIKU, 2006.

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

### FOTNOTAR

<sup>1</sup> Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. S.162

<sup>2</sup> Eliassen 1931 (FNFÅB 1930): 51-58

<sup>3</sup> Terje Thun, Riksantikvarens arkiv. 201602111406\_0004.jpg,

<sup>4</sup> Møte om Eidsborg stavkirke Stavkirkeprogrammet 18.01.06

<sup>5</sup> Marumrud, Hans. *Befaringsrapport vedr. taket*, 05.01.2006, 2006.

<sup>6</sup> Marumrud, Hans. *Arbeidsrapport. Arbeid på tak. Eidsborg stavkirke i Tokke. Atrå, 23 februar 2007*, 2007

<sup>7</sup> Marumrud, Hans. *Arbeidsrapport for Eidsborg stavkirke 2008*, 2008.

<sup>8</sup> Marumrud, Hans. *Spon på Eidsborg stavkyrkje. Erfaring frå produksjon og legging av spon*. 23.2.2007, 2007

---

<sup>9</sup> Møte om Eidsborg stavkirke Stavkirkeprogrammet 18.01.06

<sup>10</sup> Solberg, Kristin. *Rapport Kunst og inventar 35/2007 Eidsborg stavkirke Konservering av veggmalier fra 1600-tallet og paneler fra middelalderen*, 2007.

